

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for natur
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 17.03.2004 **Tid:** 15.00 – 19.15

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 7 medlemmer møtte 7, inkl. varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Øyvind Røen

Janne Drevsjø

I staden møtte:

Solvor Aadland

Sigmund Dyrhovden kom til sak 7/04

Andre som var tilstade på møtet:

Leiar av teknisk eining, administrasjonssjef og ordførar

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 19. mars 2004

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Olaug Karin Øystese viste til at føresegnene til reguleringsplan for Ytre Tysse var nedfotografert så mykje at det ikkje var mogleg å sjå kva som sto der. Utover det var det ikkje noko å merkja til innkalling og sakliste som vart samrøystes vedteke.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen frå førre møtet vart samrøystes godkjend.

UTVALET SITT KVARTER:

Olaug Karin Øystese og Sture Tveit stilte spørsmål ved bygging på ei av tomtene på Lønnebakken. Det var spørsmål om det her var dispensert frå føresegnene i reguleringsplanen. Administrasjonen vil sjå nærare på saka, og koma attende til utvalet med informasjon seinare.

Sture Tveit ba om å få ein oversikt over kor mykje midlar kommunen nyttar til innleige av maskiner. Han ønskte å sjå på om det vil lønne seg for kommunen å kjøpa eiga maskin.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Leiar informerte om at

- Det vert offisiell opning av gjenbruksstasjonen 05.05.04 same dag som neste møte i naturutvalet. Heile utvalet vil verta innvitert til opninga.
- Utvalsmedlemmane var innvitert til region samling 26.03.04 om kommuneplan som er skipa til av fylkeskommunen. Medlemmane fekk frist til torsdag morgon med å gje tilbakemelding om dei kunne ta del.

Leiar av teknisk eining orienterte om

- Status for byggesak Tysseland. Konklusjonen er at administrasjonen iverksett vedtak om riving gjennom at det vert sendt pålegg. Denne vil då ha same verknad som ein domsavsigelse, noko som inneber at det er ei klagefrist på 3 veker frå forkynning.
- Arbeidet med reguleringsplan for Bjørkheim, her har det sidan sist har vore kontakt med aktuelle oppsitarar som har kome med tilbakemeldingar som har gjort at kommunen har teikna ei alternativ skisse til plan. Utvalet vil handsama framlegg til reguleringsplan(ar) for Bjørkheim i eit ekstra møte 01.04.04 i samband med at det er kommunestyremøte denne dagen.

Det vart orientert om framlegg til kommuneplan. Den vert no kunngjort med høyringsfrist 20. mai.

På slutten av møtet drøfta utvalet ei skisse til mandat for utvalet som skal arbeida med spørsmål knytt til naturforvaltning, miljø og kraftproduksjon. På bakgrunn av diskusjonen vert det utarbeidd sak med framlegg til mandat for adhoc-utvalet.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0005/04	02/00517 REGULERINGSPLAN YTRE TYSSE
0006/04	03/00185 FLYTTING AV KONSESJON HSO2 FRÅ SVEIO KOMMUNE TIL FUSA OG SAMNANGER KOMMUNAR.
0007/04	03/00163 PRIVAT REGULERINGSPLAN FOR DEL AV GNR 17, BNR 1 PÅ ÅDLAND.
0008/04	03/00385 DELINGSSAK GNR 5, BNR 1.
0009/04	04/00092 SØKNAD OM KONSESJON PÅ GNR/BNR 4/7 I SAMNANGER KOMMUNE

0005/04

REGULERINGSPLAN YTRE TYSSE**Framlegg til vedtak::**

Reguleringsplanen for Ytre Tysse i Samnanger kommune vert lagt ut til 2. gongs offentleg høyring slik han ligg føre. Høyringsperiode: Mars- April 2004.

Handsaming i møte:

Det vart vedteke at § 3.1 i føresegnene om 0-konsesjon skal gå ut. Dette skal fremjast som ei eiga sak. Med denne merknaden vart framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak:

Reguleringsplanen for Ytre Tysse i Samnanger kommune vert lagt ut til 2. gongs offentleg høyring slik han ligg føre med unnatak av § 3.1 i føresegnene som vert teke ut.

Høyringsperiode: Mars- April 2004.

0006/04

FLYTTING AV KONSESJON HSO2 FRÅ SVEIO KOMMUNE TIL FUSA OG SAMNANGER KOMMUNAR.**Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune har sett av lokaliteten på Nygård til akvakultur i gjeldande kommuneplan, og har soleis ikkje noko å merkja til at arealet vert nytta til akvakultur. Kommunen ber på den andre sida Fiskeridirektoratet og Fylkesmannen ved miljøavdelinga vurderer nøyte vill-laksen og sjøaura si framtid i høve til utviding gjeldande konsesjon på Nygård.

Handsaming i møte:

Solvor Aadland fremma slikt framlegg:

Eg ynskjer ikkje utviding av anlegget på Nygård, men om Fiskeridirektoratet og Fylkesmannen kjem til at dei vil gje konsesjon, ser eg det slik at volumet for oppdrett no må vera stort nok for Samnangerfjorden.

2 røyste for framlegget frå Aadland og 4 for administrasjonen sitt framlegg til vedtak.

Vedtak:

Samnanger kommune har sett av lokaliteten på Nygård til akvakultur i gjeldande kommuneplan, og har soleis ikkje noko å merkja til at arealet vert nytta til akvakultur. Kommunen ber på den andre sida Fiskeridirektoratet og Fylkesmannen ved miljøavdelinga vurderer nøyte vill-laksen og sjøaura si framtid i høve til utviding gjeldande konsesjon på Nygård.

0007/04

PRIVAT REGULERINGSPLAN FOR DEL AV GNR 17, BNR 1 PÅ ÅDLAND.

Handsaming i møte:

Det vart orientert om telefonsamtale med Statens Vegvesen som hadde gitt tilbakemelding om at dei ikkje ville koma med merknad til planen.

Sture Tveit sette fram slikt framlegg:

Naturutvalet tilrår at kommunestyret vedtek privat reguleringsplan med føresegner for del av gnr. 17, bnr. 1 på Ådland.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Naturutvalet tilrår at kommunestyret vedtek privat reguleringsplan med føresegner for del av gnr. 17, bnr. 1 på Ådland.

0008/04

DELINGSSAK GNR 5, BNR 1.

Framlegg til vedtak::

Ove Aasebø vert i høve til plan og bygningslova § 7 gjeve dispensasjon til å dela i frå eit areal på om lag 0,9 daa frå gnr/bnr 5/1. Tufta skal nyttast til bustadhus. Avkjørsla må vera opparbeida og godkjent i høve til krav frå Statens Vegvesen, før bygging av bustad kan starte.

Ove Aasebø vert etter jordlova § 12 gjeve løyve til å dela i frå ei tuft på om lag 0,9 daa frå gnr/bnr 5/1. Tufta skal nyttast til bustadhus.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Ove Aasebø vert i høve til plan og bygningslova § 7 gjeve dispensasjon til å dela i frå eit areal på om lag 0,9 daa frå gnr/bnr 5/1. Tufta skal nyttast til bustadhus. Avkjørsla må vera opparbeida og godkjent i høve til krav frå Statens Vegvesen, før bygging av bustad kan starte.

Ove Aasebø vert etter jordlova § 12 gjeve løyve til å dela i frå ei tuft på om lag 0,9 daa frå gnr/bnr 5/1. Tufta skal nyttast til bustadhus.

0009/04

SØKNAD OM KONSESJON PÅ GNR/BNR 4/7 I SAMNANGER KOMMUNE

Framlegg til vedtak:

Samnanger kommune gjer Georg Nathaniel Papageorgiou konsesjon på gnr/bnr 4/7 i Samnanger kommune. Det vert ikkje sett krav til bu- og driveplikt. Konsesjon vert gitt med føremål om å nytta eigdommen som fritidseigedom.
Det vert synt til ålmenta sin rett til fri ferdsel i utmarka.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Samnanger kommune gjer Georg Nathaniel Papageorgiou konsesjon på gnr/bnr 4/7 i Samnanger kommune. Det vert ikkje sett krav til bu- og driveplikt. Konsesjon vert gitt med føremål om å nytta eigdommen som fritidseigedom.
Det vert synt til ålmenta sin rett til fri ferdsel i utmarka.